



VINJE KOMMUNE
ÅRSMELDING
2005



BRISKEVATN - VESTRE VOLLANE

INNHALDSLISTE

1. INNLEIING TIL ÅRSMELDINGA.....	3
1.1. INNLEIING.....	3
1.2. GENERELLE MERKNADER TIL UTVIKLINGA I 2005.....	3
2. FOLKETAL OG BUSETNAD.....	6
2.1. FOLKETAL.....	6
2.2. FLYTTEUNDERSØKJING.....	8
2.3. SYSSELSETJING.....	10
2.4. BUSTADBYGGING.....	11
3. ORGANISASJONEN.....	12
3.1. ÅRSHULET.....	12
3.2. HOVUDTREKK I ORGANISASJONEN.....	13
3.3. NÆRARE OM ORGANISASJONEN.....	13
4. VINJE SAMANLIKNA MED ANDRE.....	16
4.1. KOSTRA.....	16
4.2. PRESENTASJON AV NOKRE NØKKELTAL PÅ ULIKE OMRÅDE.....	17
4.3. KOMMENTAR OG OPPSUMMERING.....	24
5. KOMMUNEN SIN ØKONOMI.....	25
5.1. DRIFT.....	25
5.2. GJELD.....	26
5.3. LIKVIDITET.....	27
5.4. INVESTERINGANE.....	27
5.5. BALANSEN.....	28
5.6. FONDSMIDLAR.....	29
5.7. FORVALTNING AV OVERSKOTSLIKVIDITET.....	29
6. VERKSEMDA I 2005.....	30
6.1. INVESTERINGAR.....	30
6.2. KOMMUNAL DRIFT.....	31
6.3. ØKONOMISK STYRING – BUDSJETTAVVIK.....	32
6.4. PERSONELLINNSATS.....	34
6.5. LIKESTILLINGSARBEID.....	34
6.6. SJUKEFRÅVER.....	35
6.7. NÆRARE OM DEN KOMMUNALE DRIFTA I 2005.....	35
6.7.1. <i>Service og kvalitet</i>	35
6.7.2. <i>Organisasjonsutvikling</i>	37
6.7.3. <i>Oppvekst</i>	38
6.7.4. <i>Helse, omsorg og sosial</i>	40
6.7.5. <i>Ressurs- og arealforvaltning, miljøspørsmål</i>	42
6.7.6. <i>Infrastruktur</i>	43
6.7.7. <i>Næring og kultur</i>	45

1. Innleiing til årsmeldinga.

1.1. Innleiing.

Årsmeldinga for 2005 er ei samleårs melding som skal gje eit bilete av aktivitetane i kommunen. Den er lagt ut på Vinje kommune sine nettsider.

Resultatet av kommunen si drift må vurderast opp mot dei målsetjingar som er fastlagde, både i overordna kommuneplan og i verksemdsplanane til dei enkelte einingane. Det er ei utfordring for politikarar og administrasjon å utforme gode målsetjingar som skal sikre at kommunen utviklar seg i tråd med visjonen "*Vinje utfordrar framtida*". Arbeidet med å revidere kommuneplanens langsiktige del er nå sett i gang.

1.2. *Generelle merknader til utviklinga i 2005*

Målsetjingar

Det er lagt til grunn følgjande hovudmål:

- Styrke samfunnsutviklinga i Vinje
- Nøgde brukarar av kommunale tenester
- God drift i einingane når det gjeld tenester, økonomisk styring og arbeidsgjevarrolle
- God økonomistyring og økonomioppfølging
- Gjennomføre årshjulsstyringa i kommunen
- Vidareutvikle kommuneorganisasjonen
- God sakshandsaming

Måloppnåing:

2005 har vore eit godt driftsår for Vinje kommune.

Kommunen miste 64 innbyggjarar i 2005 og folketalet er no på 3694 personar. Dei siste 10 åra har folketalet i Vinje og gått ned. Dette pregar og utviklinga i Vest-Telemark som heilskap. Rådmannen har gjennomført ei flytteundersøking og resultata av denne har vore presentert i kommunestyret.

Kommunen har mange gode tenester. Kommunen sine innbyggjarar er nøgde med dei fleste kommunale tenestene, dette blir stadfest i brukargranskingar.

Servicenivået i kommunen blir stadig betre. Vinje blei årets servicekommune 2005.

Prisane på kommunale tenester er låge i Vinje. Kommunale avgifter, barnehageprisar og andre satsar for brukarbetaling er blant dei lågaste i landet, likeeins straumprisane.

Kommuneøkonomien syner positive tal for 2005. Det er god kontroll med økonomien og økonomioppfølginga i dei fleste einingane. Kommunerekneskapen syner overskot på 4,693 mill. kr i drifta og 2,17 mill. kr på investeringar. Dei fleste einingane har økonomisk kontroll og 14 av 20 einingar kom ut med budsjettoverskot i 2005.

Sjølv om rekneskapsresultatet for 2005 er bra, har nokre resultateiningar budsjettunderskot. Dette gjer den økonomiske situasjonen for desse einingane usikker i 2006.

Kommunestyret har evaluert organisasjonsmodellen og vedteke at prinsippa og hovudtrekka i noverande kommuneorganisasjon, med flat struktur og sjølvstyrte einingar skal halde fram. Det er gjennomført ein 360 gradars leiarevaluering og alle einingsleiarar har leiaravtale. Det har blitt tilsett 4 nye einingsleiarar i 2005 og arbeidet med nye kriteria for leiarløningar er sett i gong.

Dei vedtekne utbyggingsoppgåvene er stort sett gjennomført som planlagt. Største prosjekta i 2005 har vore badet på Raulandshuset og ombygging av omsorgssenteret på Rauland.

Det har i 2005 vore arbeidd med mange næringsprosjekt som skal styrke samfunnsutvikling og næringslivet i kommunen. Kommunen har medverka ved sal av Mjonøy og har hatt ein omfattande handsaming av konsesjonssaka knytt til eigdommen "Vestre Vollane" på Hardangervidda.

Reiselivsutviklinga som først og fremst er knytt til Rauland og Vågslid, har vore den største satsinga i nærings-samanheng dei siste åra. Her opplever ein framleis stor vekst. Rådmannen har utarbeid ein ringverknadsanalyse av hyttebygginga i kommunen.

Oppfølging av kraftsaker er viktig i ein kommune som Vinje som har 40 % av inntektene sine frå denne næringa. Det er grunn til å vente at disse inntektene og i framtida vil vera under press frå fleire hald. Arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra i Tokke – Vinje utbygginga er sett i gong. Arbeidet med gjennomføring av forliksavtale og ny reguleringskonsesjonen for Møsvatn og fornying av 2 – 8 kommunars avtala var og viktige saker i 2005.

Leiinga i kommunen har delteke i interkommunalt arbeid gjennom Vest Telemark Tinget, i rådmannsgruppa i Vest-Telemark, gjennom interkommunale samarbeidsordningar og i prosjektarbeid. Vinje kommune har vore med i effektiviseringsnettverka knytt til skule og omsorg. Det har vore gjeven ein brei gjennomgang av dette arbeidet i kommunestyret.


Det interkommunalt samarbeidet om brannvern blei sett i gong i 2005. Vinje samarbeider med Tokke kommune gjennom eit felles kraftutval. Det har vore eit godt samarbeid med Tinn kommune.

Gjennom fjellregionsamarbeidet med Tinn deltek Vinje kommune i fleire internasjonale prosjekt mellom anna Mopark og Euromontana.

2. Folketal og busetnad.

2.1. Folketal.


Figuren syner folketalet i Vinje pr. 1. januar det aktuelle året. Talet for 1/1-2006 er 3694 innbyggjarar.




Folketalet i ein folkesetnad vil avhenge av to forhold:

- **Fødseloverskotet**, dvs. talet på nyfødde samanlikna med talet på døde i ein periode.
- **Nettoinnflyttinga**, dvs. skilnaden mellom talet på innflytte samanlikna med utflytte.

I 2005 er det eit fødselsunderskot på 13 og eit negativt innflyttartal på 52.



Utviklinga mellom fødte og døde over tid er vist i figuren over.



Frå 1999 til 2005 har vi hatt ein nedgang i folkesetnaden på 200. Døds- og fødselsraten har eit underskot på 73. Netto utflytting er difor 127 personar.

Vinje kommune som arbeidsgjevar har nedbemanna med 30 årsverk over få år. Kommunen har ikkje oversikt over kor mange personar dette utgjer, då det også er deltidsstillingar i disse årsverka. Totalverknaden, når det gjelde innbyggjartalet for

kommunen, er nok langt større. Ein veit at familie også utgjer ein del av nedbemanning/utflytting. Ein må vera merksam på disse tal når ein no er inne i ein ny nedbemanningsfase i Vinje kommune.

2.2. Flytteundersøking

2.2.1. Fråflytting

I 2005 ble det ferdigstilt ei flytteundersøking som omfatta til- og fråflytting i Vinje i 2003. Det blei sendt ut eit spørjeskjema til alle innflytte og utflytte. I 2003 var det 59 fleire personar som flytte ut enn inn til Vinje.


Den største gruppa fråflytte ligg i alderen 16-49 år. Gruppa frå 16-29 år er det naturleg at er stor, då mange gjeng på skular i andre kommunar – men står oppført som busette i Vinje. Endeleg fråflytting skjer ofte når dei byrjar i arbeid. Men forskning på flyttetrendar syner og at folk flytter mest i alderen 16- 49 år.

Hovudgrunnen til at dei fleste flytter er familietilhøve eller arbeid. Dei fleste flytta til andre stader i Telemark. Heile 24 personar flytte til Tokke.

Over halvparten som flytte frå Vinje har hatt ein eller annan form for familietilknytting til Vinje – og halvparten seier at dei kan tenkje seg å flytte attende.

Naturen, familie/nærmiljø og gode kommunale tilbod er det som blei framheva som "bra med å bu i Vinje".

Tabellen syner ein oversikt over fylke folk har flytt til:




2.2.2. Tilflytting

Vi ser det same flyttemønster som i førre punkt. Det fleste som flyttar til Vinje er i aldersgruppa 16-49 (45 %) og 30-49 (37 %).

Prosentvis flytta dei fleste til dei største sentra i kommunen. Halvparten av dei tilflytte kom frå andre stader i Telemark. Hovudgrunnen til at dei fleste flytta til Vinje var arbeid. Deretter kom grunnar som nærleik til familie.

Det som var "bra med å bu i Vinje" var for denne gruppa naturen og gode kommunale tilbod.



Nærare om folkesetnaden

	Vinje	Telemark
0 - 19 år	25 %	25 %
20 - 66 år	60 %	60 %
67 +	15 %	15 %

Tabellen syner at Vinje er ein gjennomsnittskommune når det gjeld prosentvis fordeling av innbyggjarane i alder. Ein veit likevel at fleire ungdom under utdanning frå 19 – 25 år står som busett i Vinje kommune, men bur på skulestaden store delar av året. Dette er nok meir utbreidd her enn i bykommunane, der ungdomen oftare gjennomfører høgskulestudiar på heimstaden.

Aldersgruppa over 67 år er lik gjennomsnittet i Telemark. Forskar Kjetil Sørлие ved NIBR/SSB meiner at ein kan vente ein eldreflyttestraum i åra framover. Vinje kommune er høgst sannsynleg ein slik kommune. Store hytter med høg komfort, vil gjera det mogleg for eldre å bu store delar av året på hyttene sine.


Folk lever lenger, går tidlegare av med pensjon og flyttar gjerne nærare familie. Dette kan slå ut både vegar for kommunane.

2.3. Sysselsetjing.

Iflg Statistisk sentralbyrå (SSB) ser sysselsettinga (16-74 år) i Vinje slik ut (tal frå 2004) fordelt på hovudnæringar:

	Tal arb.takar	Andel
Jord og skogbruk	145	7,49 %
Industri og bergverk	138	7,13 %
Utvinning av råolje og naturgass	23	1,19 %
Kraft og vassforsyning	54	2,79 %
Bygg- og anleggsverksemd	284	14,67 %
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	313	16,17 %
Transport og kommunikasjon	113	5,84 %
Finansiell tenesteyting	20	1,03 %
Forretningsmessig tenesteyting, eiendomsdrift	46	2,38 %
Offentleg og privat tenesteyting	791	40,86 %
Uoppgitt	9	0,46
TOTALT	1936	100 %

Ein ser at offentleg verksemd, handel/reiseliv og bygg- og anleggsverksemd gjev dei fleste arbeidsplassane i Vinje.




Det er auke i bygg- og anleggsverksemd og reiseliv samanlikna med tal frå 2001. Dette er truleg eit resultat av den store aktiviteten innan hytteutbygging.

Arbeidsløysa er låg i heile landet. Ved utgangen av året var den på 3 %. Arbeidsløysa i Vinje på 2,1 % er lågare enn på mange år. Gjennomsnittleg arbeidsløysa i Vest-Telemark er 1,86 % og for heile Telemark 3,3 %.

2.4. Bustadbygging.

Figuren under syner talet på igangsette einebustader i Vinje kommune på 90-talet, og fram til i dag. Det går fram at det er igangsett 4 nye bustader i 2005.



Det har vore liten byggjeaktivitet på private bustader dei seiste åra. Det ser likevel ut til at bustadbygginga kjem til å auke dei næraste åra. Dette ser ein ut frå tingingar på ledige bustadtomter.


På Rauland er 15 av 27 tomter i Såtehovfeltet tinga før området er ferdigstilt. 2 tomter er tinga i Slobrekkfeltet på Edland og 1 tomt i Øvre Drotning i Åmot.

3. Organisasjonen

3.1. Årshjulet

Vinje kommunes organisasjonsmodell har ei klår oppgåvefordeling mellom politisk og administrativt nivå. Det politiske nivået skal fastlegge mål for tenestene kommunen skal tilby innbyggjarane sine. Administrasjonen skal stå for den daglege drifta innanfor politisk fastlagde rammer. For å sikre god politisk styring og tett kontakt mellom politiske organ, resultateneingane og kommunen si administrative leing, er det skissert eit styringssystem i fire fasar.

Årshjulet kan samanfattast slik:



I 2003 vart det innført fast ordning med verksemdplanar og kvartalsrapportering på planane som ein del av styringa. Ein samla kvartalsrapport vert lagt fram for kommunestyret. Både folkevalde og einingsleiarar er nøgde med dette opplegget.

Det vert rapportert på fire dimensjonar.

1. Måloppnåing - avvik i høve til overordna prioriteringar og mål, satsingsområde og kvalitet.
2. Økonomi - avvik i høve til om økonomiske og personalmessige ressursar vert nytta som føreset, om budsjetttramma vil halde og om det er nødvendig å setje i verk spesielle tiltak for å halde tildelt budsjetttramme.
3. Personale - avvik i høve knytt til psykososialt miljø, kompetanseutvikling, sjukefråver og HMS/fysisk miljø.
4. Andre tilhøve - nye utfordringar og utvikling i høve til handlingsplan dei 4 neste åra.

Politikarane møter tilsette på einingane 2. kvartal i dei såkalla dialogmøta. Dei politiske komiteane og formannskapet har ei samordnande rolle i høve til det vedtaket kommunestyret skal gjera i dialogmøte juni. Kommunestyret sitt vedtak frå juni er styrande for budsjettarbeidet.

Einingane utarbeidde nye verksemdsplanar for 2006 basert på budsjettvedtaket.

3.2. Hovudtrekk i organisasjonen

Vinje kommune er ein to-nivå kommune.

Einingane har rammestyring. Det betyr at dei har totalansvaret for den dagleg drifta, økonomi og personalansvar. Dette skal leggje grunnlaget for effektiv drift med brukaren i sentrum. Avgjerd skal kunne takast nær brukaren, utan å gå gjennom mange unødige ledd i organisasjonen.


I det økonomiske ansvaret ligg og stor fridom til å disponere ressursane innanfor dei rammene som kommunestyret har trekt opp. Eventuell meirinntekt som eininga skaffar seg kan nyttast til auka utgifter. Dersom eininga får eit overskot i høve til budsjettet skal dei få behalde dette, medan eit eventuelt underskot normalt må dekkast inn av eininga sjølv i året etter.

3.3. Nærare om organisasjonen.

I 2005 blei det 2 færre einingar. Eining for brann blei lagt ned. Førebyggjande brannarbeid blei lagt til eit brannvernssamarbeid i Vest-Telemark og beredskapen blei lagt under Teknisk drift og vedlikehald.

Rauland omsorgsdistrikt blei slått saman med Vinje omsorgsdistrikt til ei ny eining Vinje heimetenester.

Organisasjonen har hatt slik inndeling i 2005:



Rådmannen har med seg to kommunalsjefar i eit leiarteam. Rådmannen er formelt ansvarleg overfor kommunestyret for heile den kommunale administrasjonen. Toppleiinga arbeider som eit team og utgjer ei einskapleg leiing i høve til resten av den kommunale administrasjonen og det politiske nivået.

Tenestetorget er plassert ved inngangen til kommunehuset, og der skal innbyggjarane og andre få hjelp til dei fleste kommunale tenestene. Tenestetorget skal gje informasjon og rettleiing samt handsame og gjere vedtak i regelstyrte saker. Tenestetorget hadde 6,4 årsverk.

Støtteininga for **Økonomi, plan og utvikling** har ansvaret for kommunen sin økonomifunksjon, her under rekneskap, lønsarbeid og skatteinnkrevjing. Eininga skal gje støtte til einingane og rådmannsteamet. Eininga har og ansvaret for kart og oppmåling, kommuneplanlegging slik som arealplanar, reguleringsplanar, prosjektarbeid og generell sakshandsaming. Eininga hadde 12,2 årsverk.

Støtteininga for **Organisasjon, arkiv og IKT** har ansvaret for kommunen sitt arkiv og EDB-system. Eininga skal gje støtte til resultatiningane i personal- og organisasjonsspørsmål. Eininga hadde 12,5 årsverk.

Rauland skule har ansvaret for barne- og ungdomstrinnet samt skulefritidsordninga (SFO) i Rauland. Skulen hadde 21,5 årsverk og eit elevtal på 174.

Åmot skule har ansvaret for barne- og ungdomstrinnet samt skulefritidsordninga (SFO) i Åmot. Skulen har og ansvaret for vaksenopplæringa i heile kommunen og elevane på Vinje miljøheim. Eininga hadde 29,6 årsverk og eit elevtalet på 176.

Edland skule har ansvaret for barne- og ungdomstrinnet samt SFO på Edland. Eininga hadde 18,6 årsverk og eit elevtal på 116.

Øy fjell oppvekst har ansvaret for barnehage og skule i Øy fjell. Oppvekstsenteret hadde 25 elevar og 11 barnehagebarn. Bemanninga var på 7,4 årsverk.

Vinje oppvekst har ansvar for både barnehage og skule i sitt område. Oppvekstsenteret hadde 34 elevar og 19 barnehagebarn. Bemanninga var 10,3 årsverk.

Hakkespetta barnehage har ansvaret for barnehagedrift. i Åmot. Hakkespetta hadde 41 barnehagebarn og ei bemanning på 13,8 årsverk.

Rauland barnehage har ansvaret for barnehagedrifta i Rauland. Eininga hadde 49 barnehagebarn og ei bemanning på 12,6 årsverk.

Edland barnehage har ansvaret for barnehagedrifta i Edland. Eininga hadde 36 barnehagebarn og ei bemanning på 8,8 årsverk.

Vinje sjukeheim har tre hovudfunksjonar. Skjerma eining for senil demente, avdeling for langtidsopphald og avdeling for korttidsopphald. I alt er det 41 plassar. Eininga hadde ei bemanning på 49,5 årsverk.

Vinje heimetenester er den nye eininga etter samanslåinga av Rauland og Vinje omsorgsdistrikt. Dette blei eit distrikt etter omlegging frå Rauland bygdeheim til omsorgsbustader. Dette er kommunen sin største eining. Dei har ansvar for heimetenestene i heile kommunen (heimesjukepleie, heimehjelp og heimevaktmeister) med baser på Edland, i Åmot og på Rauland. Eininga er og ansvarleg for butilbod til funksjonshemma og samt Vinje dagsenter. Bemanninga er på 69,2 årsverk.

Vinje helse har ansvaret for legeteneste, helsesyster, jordmor, fysioterapi, psykiatrisk sjukepleie og miljøretta helsevern i heile kommunen. Bemanninga er på 25,6 årsverk.

Kultur og sosial har ansvaret for kommunen sitt kultur og fritidstilbod, herunder bibliotek, kultur- og musikkskulen. Vidare har eininga ansvaret for ungdomsarbeid, sysselsetjing, flyktingarbeid, sosiale tenester, bruk av kulturhus/samfunnshus og eldresenter. Barneverntenesta er lagt om til eit interkommunalt selskap. Men eininga er framleis ansvarleg for økonomiske som til barnevernet. Dei hadde ei bemanning på 12 årsverk.

Vinje kjøkkendrift er hovudkjøkkenet i Vinje. Det leverar mat til omsorgstenestene og driv catering. Bemanning er på 3,8 årsverk.

Teknisk drift og vedlikehald har ansvaret for drift, forvaltning, vedlikehald og utbygging av kommunen sine eigedomar og anlegg. Dette gjeld så vel kommunen sine bygg som tekniske anlegg og kommunale vegar. Eininga har og ansvaret for vaktmeistertenesta. I 2005 blei og brannberedskapan lagt til denne eininga. Bemanninga er på 28,45 årsverk.

Reinhald og tekstil har ansvaret for kommunen sitt vaskeri og reinhald av kommunale bygg. Bemanninga er på 23,69 årsverk.

Vinje næringskontor har oppgaver innafor næringsutvikling og hjelp til det lokale næringslivet inklusive landbruket. Kontoret forvaltar og kommunens utmarkseigedomar. Det har 6,07 årsverk.

4. Vinje samanlikna med andre

4.1. KOSTRA

SSB har utarbeidd eit nasjonalt system for statistikkinnhenting frå kommunane for å kunne gje samanliknbare tal kommunar imellom. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med gjennomsnittet i Telemark, ei gruppe av 35 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og landet som heile (utanom Oslo). KOSTRA seier ikkje noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men korleis produktivitet, prioriteringar, dekningsgrader fordeler seg. Avslutningsvis blir det gjeve nokre vurderingar av samanlikningane.

Når det gjeld kvalitet på tenestene er dette ivareteke gjennom deltaking i KS sine effektiviseringsnettverk for skule og omsorg, gjennom brukar- og medarbeidarundersøkingar.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk, kan det vera feil i materialet, men dataene er likevel gode nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre.

4.2. Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er eit omfattande materiale på fleire detaljeringsnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenestekområda.


4.2.1. Finansielle nøkkeltal

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Skatteinntektsnivå (2004) %				
Brutto driftsutg. pr. innb.	77128	61430	45064	43011
Netto driftsresultat i pst. av innt.	6,1	5,3	4,1	3,9
Langsiktig gjeld i pst. av inntekter	110,9	146,4	160,9	160,6
Arbeidskapital i pst. av inntekter	10,4	16,3	25,0	21,9
Bruk av lån i investeringar i pst	28,9	63,1	82,8	73,5

4.2.2. Meir om inntekter

Vinje har høge inntekter pr. innbyggjar samanlikna med andre. Søylediagrammet nedanfor syner korleis inntektene er samansett.

Samansetjing av inntekter 2005 - prosentvis andel



Vinje har ei markert anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar med. Det statlege rammetilskotet er lite, målt som del av totalen, medan "Inntektsskatt" og "Eigedomsskatt" utgjør relativt meir for Vinje sin del enn andre samanliknbare kommunar. Tala syner og at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.

Systemet med rammeoverføringar frå staten tener to funksjonar: Den eine er å utgiftsutjamne, dvs tilføre kommunane inntekter i høve til ulike behov som til dømes folketal, alderssamansetnad mv. Den andre er å utjamne skatteinntekter. Den nasjonale inntektutjammingspotten blir tildelt til kommunar med låge eller gjennomsnittlege skatteinntekter pr innbyggjar, medan kommunar med dei aller største skatteinntektene, slik som Vinje, blir trekt for å gjere inntektutjammingspotten større. Vinje kommune har skatteinntekter som ligg på 135,7% av landsgjennomsnittet, mot 132 % i 2004. Dette er høgast i Telemark og på 15. plass på landsbasis, men likevel langt unna nabokommunen Bykle som i 2005 fekk 336,8% av landsgjennomsnittet.

4.2.3. Barnehagar

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutg. pr. barn i barnehagen	118 689	98 965	93 401	96 405
Netto dr.utg. til barnehagar pr innb. 1 – 5 år	53 579	22 125	9 353	10 087
Andel barn 1 – 5 år med barnehageplass %	81,7	81,4	74,8	76,1
Kommunale barnehagepl. i pst. av alle barneh.plassar	100,0	88,4	62,6	52,5
Opphaldsbetaling i pst av finansiering	11,3	20,5	24,8	25,1

Vinje har god dekning av plassar. Foreldrebetalinga er låg og kommunen brukar difor meir pengar på barnehagar enn dei vi samanliknar med. Brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagane i Vinje ligg godt over både lands- og fylkesgjennomsnittet, samt utgiftsnivået i samanliknbare kommunar. Dei fem barnehagane har nytta om lag kr 624.000,- til fornying av utstyr og uteområde. Dette er, saman med lågare kapasitetsutnytting i mindre einingar, ein del av forklaringa av kvifor utgifta per barn er høgare i Vinje.

4.2.4. Grunnskule.

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter til grunnskule pr. elev	88 302	83 941	65 883	65 267
Netto driftsutgifter pr. innb. 6 – 15 år	90 835	83 953	67 316	64 637
Andel elevar som får særskilt norskopplæring i %	5,1	3,2	5,6	4,6
Andel elevar med spesialundervisning i %	4,9	7,8	4,2	5,7
Andel elevar med skuleskyss i %	50,3	42,3	22,2	23,9
Andel elevar i SFO i høve til innbyggjarar 6 – 9 år i %	26,6	37,4	53	49,8
Andel elevar pr. datamaskin i skulen	3,6	4,4	5,3	5,5

Vinje brukar vesentleg meir pengar pr. skulebarn enn gjennomsnittet for fylket og landet. Dette skuldast fleire forhold, mellom anna at klassene er små på grunn av ein desentralisert skulestruktur. Dersom ein samanliknar med like kommunar er skilnaden mindre. Kommunen har relativt få i skulefritidsordning (SFO). Det er ikkje uvanleg i landkommunar.

4.2.5. Kommunehelse

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar	4 992	2 851	1 710	1 631
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar	3 126	2 002	1 330	1 229
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjar	12,1	9	8,6	8,6
Helsesysterårsv. pr. 10 000 innbyggjarar 0 – 6 år	84,6	59,9	52,7	45,7
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar	12,8	12,9	8,5	8,9

Vinje brukar framleis svært mykje pengar på kommunehelsetenesta målt pr. innbyggjar i høve til dei fleste andre kommunar. I nokon mon skuldast det ein høgare personellfaktor av fagfolk, og ei desentralisert teneste gjer at kostnadane vert høge. Samstundes lyt ein ta omsyn at dette er ei teneste som betjener både turistar og hyttefolk.

4.2.6. Pleie- og omsorgstenesta.

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter pr. mottakar	317 296	254 627	277 133	237 744
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar	17 230	13 690	10 472	9 559
Brutto driftsutgifter pr. inst.plass	819 396	686 439	651 279	834 397
Andel innbyggjarar over 67 år som er brukarar av heimetenesta i %	77,1	73,9	70,9	69,3
Andel innbyggjarar over 80 år som er brukarar av heimetenesta i %	45,3	41,0	35,7	37,9
Andel brukarar som mottek både praktisk hjelp og heimesjukepleie i %	44,7	42,6	39,6	37,9
Andel komm. Omsorgsbustader pst.	100	59,0	68,4	70,4
Andel innbyggjarar 80 år og over som bur på institusjon i %	19,8	16,3	10,5	13,8
Andel sjukeheimplassar av totalt tal på institusjonsplassar i %	77,4	93,1	95,8	94,0

Utgiftsnivået for pleie- og omsorgstenestene i Vinje er høgt. Vi må ta eit atterhald om at det ved innrapportering av KOSTRA tal er velta ein del kostnader over på sjukeheimen som skulle ha vore plassert andre stadar. Samstundes må det takast omsyn til omlegginga i Rauland som hadde konsekvensar for sjukeheimsdrifta i Åmot.

Vinje har i større grad enn andre kommunar satsa på institusjonsutbygging framfor heimetenester, og institusjonar er kostbare å drive. Tidlegare var andelen innbyggjarar over 80 år som mottok heimetenester i Vinje lågare enn gjennomsnittet. Dette vil endre seg ytterlegare gjennom omleggingane i Rauland.

4.2.7. Sosialteneste

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutg. pr innb. 20-66 år	3368	1956	2658	2274
Andel innbyggjarar 20 – 66 år som har motteke økonomisk sosialhjelp i %	4,9	5,3	5,2	4,4
Årsverk i sosialtenesta	2	2,83	7,46	9,53
Netto driftsutg. til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år	1 798	864	563	662
Netto driftsutg. til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innb. 20-66 år	121	66	277	198
Brutto driftsutg. pr kommunal brukar, kr	67 637	40 831	53 690	53 690

Kommunen har markerte høgare netto driftsutgifter enn andre kommunar. Det største avviket i høve til andre kommunar finn vi innan sosialt førebyggjande arbeid og utgifter til brukarar med rusproblem. Ein kan elles merke seg at kommunen har færre årsverk enn andre kommunar, samstundes som brutto driftsutgifter er høgare enn mest samanliknbare kommunar.

4.2.8. Barnevernteneste

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Prioritering				
Netto driftsutgifter til saman pr. innbygger (kr)	1 132	977	933	933
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	4 849	4 207	4 154	3 879
Netto driftsutgifter (f 244, 251 og 252) pr. barn i barnevernet	97 209	66 468	69 466	78 058
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (f. 244), prosent	34,8	26,9	32	31,9
Andel netto driftsutg. til barn som bur i sin opprinnelege familie (funksjon 251), pst	15,4	18,4	17,9	17,3
Andel netto driftsutg. til barn som bor utanfor sin oppr. familie (funksjon 252), pst	49,8	54,7	50	50,8
Dekningsgrader				
Barn med undersøkelse ift antall innb. 0-17 år, prosent	1,9	3,1	3,1	2,4
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år	4,1	4,5	4,5	3,6
Produktivitet				
Brutto driftsutgifter per barn (f.244)	34 558	18 928	25 532	26 167
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk	13,7	19,7	20,3	19,2
Andel undersøkelser som fører til tiltak, prosent (f.244)	61,5	48,8	61,1	53,2
Brutto driftsutgifter per barn i opprinnelig familie (f.251)	30 091	26 354	22 963	28 361
Brutto driftsutgifter per barn utanfor opprinnelig familie (f.252)	162 692	237 113	181 491	205 097
Stillinger med fagutdanning per 1000 barn 0-17 år	3,3	2,9	2,7	2,3
Andel undersøkelser m. behandlingstid over tre måneder, prosent	46,2	26,1	22,7	26,7

Kommentar:

Vinje er ein gjennomsnittskommune når det gjeld talet på barneverntiltak, men i Vest-Telemark-samanheng ligg ein høgt. Handsamingstida er derimot mykje lenger enn kommunar flest. Vinje har også høge utgifter til barnevern når ein ser på netto driftsutgifter per barn.

4.2.9. Vatn, avløp og renovasjon

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Finansiell dekningsgrad vatn, pst.	57,5	85,4	89,6	99,6
Finansiell dekningsgrad avløp, pst.	51,2	77,5	96,4	99
Finansiell dekningsgrad avfall, pst.	99,6	88,2	99,6	98,3
Del av innbyggjarar som er knytt til kommunal vassforsyning, pst.	49,6	67,0	81,4	82,08
Del av innbyggjarar som er knytt til kommunal avløpsteneste, pst.	49,6	67,0	81,4	82,08
Årsgebyr 2005 (kr)				
Vatn	1 734	2 142	2 102	2 089
Avløp	2 793	2 133	3 428	2 465
Renovasjon	1 955	2 027	1 764	1 871

Spreidd busetnad gjer at færre er knytt til kommunaltekniske anlegg innanfor vatn og avløp enn i tettbygde distrikt. Innanfor renovasjon har kommunen tilnærma full utgiftsdekning frå avgifter. Det er og lovpålagd ut frå prinsippet om at *ureinaren skal betale*. Innafor felte vassforsyning og avløp er avgiftene relativt låge og den finansielle dekninga frå avgifter mykje lågare enn i dei kommunane vi samanliknar med.

4.2.10. Kultur

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Netto driftsutg. for kultur pr. innb.	2 797	2 029	1 291	1 223
Netto driftsutg. til bibliotek pr. innbyggjar	716	349	238	225
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge, pr. innbyggjar	123	196	149	144
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskule pr. innbyggjar	526	322	212	184
Netto driftsutg. til idrett pr. innbyggjar	764	514	363	324
Netto driftsutg. til museum pr. innbyggjar	189	116	38	53
Tal pr innbyggjar pr. kinosete	22,8	25,2	58,0	54,6
Kinobesøk pr. innbyggjar	0,5	0,6	2,1	2,1
Tal bibliotekutlån pr. innbyggjar	6,8	5,1	5,5	5,1

Vinje brukar meir på kulturtiltak enn gjennomsnittet i Telemark og i landet elles.

4.2.11. Samferdsle

	Vinje	Like kommunar	Telemark	Landet
Brutto driftsutgifter i kr pr km. komm. veg	40 167	51 580	70 892	75 778
Kommunale vegar pr 1000 innbyggjar, km	22,7	22,8	10,7	9,1
Andel private vegar med tilskot frå kommunen	5,8	12,6	8,2	5,3


Kommunen har eit omfattande vegnett, men brukar mindre pr. km. veg enn gjennomsnittet i fylket og i landet. Vinje kommune hadde også ein nedgang i

driftsutgiftene frå 2004 til 2005, og ein prosentvis nedgang 21,5 til 5,8 i andelen private vegar som fekk tilskot frå kommunen.

4.2.12. Prioritering av oppgåver.

Slik det går fram av oversikten over har kommunen eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i høve til andre. Likevel er det interessant korleis ein prioriterer dei ulike sektorane i forhold til kvarandre, samt sjå utviklinga frå førre årsmelding.

Prosentvis fordeling av brutto driftsutgifter 2005



Vinje skil seg særleg ut på ei par område, og det er "Samferdsle, næring," der Vinje brukar 7% og på helsetenester der Vinje brukar 6,3%. Forklaringa er at ein stor del av kraftinntektene i Vinje blir nytta til næringsformål. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har derfor ikkje eit økonomisk grunnlag for så omfattande aktivitet og ei godt utbygd og desentralisert helseteneste. Eit anna moment som må vektleggast når ein ser på ressursbruk, er at kommunen på fleire område yter tenester til

langt fleire enn eigne innbyggjarar pga reiseliv og hyttegjester. Fellesutgifter og administrasjon har òg auka litt frå førre årsmelding.

4.3. *Kommentar og oppsummering*


Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:

Tenestetilbodet i Vinje er godt, og på mange måtar ressurskrevjande, om vi nyttar KOSTRA for å samanlikne oss med andre. At ressursbruken er såpass høg på ein del område, må ein sjå i samanheng med at det er valt ein desentralisert struktur på ein del område. Brukarbetaling på tenestene er lågare enn kommunar flest, og ein kan merke seg at Vinje brukar mindre på samferdsel enn samanliknbare kommunar. Likevel ser ein at det skjer endringar i takt med ein noko strammare kommuneøkonomi, og at forskjellane blir mindre enn dei har vore tidlegare.


5. Kommunen sin økonomi.

5.1. Drift

Vinje kommune har dei siste fire åra hatt ei stabilt god drift med overskot, og relativt stabile netto driftskostnader i perioden. Utviklinga dei siste fire år går fram av figuren under.




Figuren under syner korleis utgiftene fordeler seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorar i tenesteproduksjonen.



Figuren syner, for andre år på rad, nedgang i "vanlege" driftsutgifter, og markant oppgang i løn og sosiale utgifter og overføringar. Personalkostnadene opprettheld sin relative del av totalen.

Oppunder 2/3 av driftsbudsjettet er bunde opp i lønn og sosiale utgifter. Omgrepet "netto personalkostnadar" inneber at sjukelønnsrefusjonen er trekt frå. Nettopp sjukelønnsrefusjonen for 2005 kan ein dvele kort ved, før vi i neste figur går meir i detalj innan utgiftssida på lønn og sosiale utgifter. Denne er redusert med 2 mill. kr Mykje av forklaringa er nedgang i refusjon av fødselspengar. I 2004 fekk ein 3,175 mill. kr medan refusjonen i 2005 vart 1,750 mill. kr Legg ein til arbeidsgjevaravgifta, forklarar dette 1,625 mill. kr av nedgangen. Utviklinga i sjukefråveret utgjer det resterande.

Dei sosiale utgiftene er no i underkant av 41 millionar. Dei reine lønsutgiftene er om lag på same nivå som 2002, sjølv om dei auka markant i 2005.



5.2. Gjeld

Siste år har ein hatt ein nedgang i renteutgiftene med 0,6 mill. pga fallande rente, medan avdrag har vore stabilt med 3,238 mill. Den langsiktige lånegjelda (eks. pensjonsforpliktelsar) auka mykje det siste året, og syner ein auke frå 62,5 mill. kr i 2004 til 71,961 mill. kr ved utgangen av 2005. Oversikta framover inkluderer låneopptak stort kr 5,5 mill. til "Skitunet", og avdrag på dette.


Gjeldssituasjonen ved utgangen av året (1000 kr)

2005	2006	2007	2008	2009
71 961	78 565	85 462	88 598	91 386

Vinje kommune hadde ved utgangen av 2005 ei lånegjeld på kr 19.480 per innbygger. Betalte avdrag utgjorde 1.169,- per innbygger.

5.3. Likviditet


Vinje kommune har framleis betring likviditetssituasjon samanlikna med dei to føregåande åra. Figuren under gjev eit bilete på situasjonen på siste dato i kvar måned dei siste fire åra:




Skatteinngangen frå november, samt innbetaling av konsesjonsavgifter i slutten av desember gjer vanlegvis denne månaden til den gunstigaste kvart år. Kommunen har i gjennomsnitt hatt 9 millionar meir inneståande på konto til ei kvar tid, samanlikna med 2004. Hausten er vanlegvis den tida på året då det er minst å rutte med i kommunekassa, men denne hausten var merkbart betre enn kva ein har vore van med.

5.4. Investeringane

Vinje kommune hadde i 2005 det høgste investeringsnivået på tre år. Figuren under syner finansieringsbehovet i kapitalrekneskapen siste fire år.




Bryt ein opp finansieringsbehovet i kapitalrekneskapen i hovudtal, ser ein at brutto investeringsutgifter ikkje overraskande er den dominerande. Figuren under illustrerer dette.



5.5. Balansen


Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av kommunens samla aktiva aukar for tredje året på rad.



5.6. Fondsmidlar

Figuren under utvikling og status i kommunen sine fond fram til og med rekneskapsåret 2005.

I figuren er det òg gjeve ei prognose for utviklinga framover, basert på rekneskapsresultatet og økonomiplanen for 2006 – 2009 inkludert vedtak i Kommunestyret t.o.m. april 06.



5.7. Forvaltning av overskotslikviditet

Det er ingen aktiv forvaltning av kommunens overskotslikviditet. Alle kommunen sine midlar har stått på konti i DnBNor gjennom heile kalenderåret.

6. Verksemda i 2005

6.1. Investeringar

Det vart investert for **28,0 millionar** i anleggsmidlar i 2005, mot 19,3 millionar året før. I tillegg kjøpte kommune aksjar for 0,8 mill.krsom gjeld egenkapitalinnskot KLP. Det er betala 1,0 mill. kr i avdrag etabl./startlån og det er gjort avsetjingar av unytta investeringar med 6,6 mill. kr Samla er det såleis brukt 36,4 mill. kr i følgje kapitalrekneskapet for 2005. Tilsvarande tal i fjor var 28,7 mill. kr

Dei største investeringane gjeld Raulandshuset(bad) med 6,6 mill.,utjamn.basseng Såtehov 3,9 mill., ventilasjon m.v. kommunehuset 3,9 mill.,Rauland bygdeheim ombygg til omsorgsbustadar 2,4 mill.,

Av andre større investeringsprosjekt i 2005 kan nemnast tettstadutvikling Rauland og IKT.

Det er kome inn ekstra inntekter knytt til sal av kommunale bustadtomter på kr 40.000. Det er og kome inn meirinntekter knytt til anleggsbidrag i turistområde på 5,2 mill. kr, samt tilbakebet.vedr. Nordheimstunet kr 82.500,-.

På den andre sida er det ein del investeringsprosjekt som syner underskot, samla utgjør dette nesten 3,2 mill. kr(av dette er det budsjettera med eit statstilskot på 1.7mill.kr vedr. Raulandshuset som ikkje er utbetala i 2005). Investeringsrekneskapet kjem då ut med eit samla **overskot** på **2,1 mill. kr** i 2005.

6.2. Kommunal drift

Kommunen har eit driftsresultat på knapt 4,7 mill. kr i 2005. Tabellen under syner korleis driftsresultat er samansett og fordelt på resultateiningar, kraftinntekter og andre postar.

Fordeling av driftsresultat 2005

Eining:	Overskot		Underskot	
	2005	2004	2005	2004
Rådmannen	190 361	400 658		
ØPU - Økonomi, plan og utvikling	275 912	324 529		
OAI - Organisasjon, arkiv og IKT	518 427	478 211		
Tenestetorget	139 526	699 923		
Rauland skule	444 265	335 170		
Åmot skule	686 160			86 249
Edland skule	431 870			366 786
Øyfell oppvekst	378 333	436 130		
Vinje oppvekst	249 052	453 766		
Hakkespetta barnehage	469 118	957 011		
Rauland barnehage	871 425	1 022 354		
Edland barnehage		294 571	176 438	
Vinje sjukeheim			1 714 775	664 825
Vinje heimetenester			721 028	991 708
Rauland omsorgsdistrikt				255 395
Vinje helse	2 132 011	1 380 197		
Kultur og sosial			3 872 763	1 600 553
Vinje kjøkendrift	697 132	484 871		
TDV - Teknisk drift og vedlikehald			633 885	1 230 002
Vinje reinhald og tekstil	841 179	740 895		
Vinje næringskontor		1 376 276	331 335	
Brann og beredskap				172 057
Sum einingar	8 324 771	9 384 562	7 450 224	5 347 575
Overført frå drift til investering	280			527 736
MVA Refusjon	1 034 495			
Kraftinntekter	2 315 186	411 911		
Buffer	0	0		
Skatt og statstilskot	836 610			1 236 046
Renter og avdrag m.m.		429 368	360 388	
Avsett/bruk av fond m.m.			7 541	
Sum andre driftsutg./inntekter	4 186 571	818 399	367 929	1 236 046
Reknesk.res. einingane	874 547	4 036 987		
Reknesk.res. utanom einingane	3 818 641			394 767
Samla rekneskapsresultat	4 693 641	3 642 220		

Rekneskapsresultatet syner at 14 av kommunens 20 resultateiningar gjekk med overskot i 2005. Også i 2004 var det 14 "overskotseiningar". Budsjettresultatet samla for einingane gav eit overskot på vel 874 tusen, medan det samla overskotet for einingane var 4 mill. kr i 2004.

Ein må likevel vere klår over at det resultatet som kjem fram i rekneskapen for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette gjennom fleire år.

Det må spesielt merkast at for Tenestetorget og Økonomi, Plan og Utvikling har reglane om sjølvkost medført avsetnad til øyremerka fond for byggesakshandsaming og kart og oppmåling, med høvesvis 1.277.219,- og 882.064,-. Desse summene er utgiftsførte før overskotet er berekna.

Driftsresultatet utanom einingane gav eit overskot på om lag 3,818 mill. kr Dette kjem hovudsakleg av at kommunen sine inntekter frå kraftsal og momsrefusjon vart 3,350 mill. kr høgare enn budsjettet.

6.3. Økonomisk styring – budsjettavvik

Budsjettresultatet i einingane er samla sett forverra med nærare 3,259 mill. kr frå 2004 til 2005. Her skal ein likevel vere klar over at 14 einingar fekk med seg 9,384 mill. kr i overskot frå 2004, medan 8 einingar måtte ta med seg eit underskot på 5,347 mill. kr Her må ein også ha med seg at underskotseiningane vart tilført 3,471 mill. kr På denne bakgrunn er resultatet for drifta i 2005 ikkje spesielt godt, og det har vore tært på oppsparte overskot.

Nokre kommentarar til dei største avvika:

Næringskontoret:

Næringskontoret har eit meirforbruk på om lag 331.000,- kr Hovudgrunnen til dette er at utgifta no vert ført det året det er løyvt og at det gjennom det har danna seg eit etterslep som ein tek inn i 2006.

Edland barnehage:

Edland barnehage har eit underskot på om lag kr 176 000. Eininga fekk òg med seg 294.000,- frå fjorårsrekneskapen. Drifta har då for 2005 isolert sett hatt eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 470.000,-. Einingsleiaren kommenterer at det er innkjøpt ei grillhytte for å avhjelpe plassmangel, noko som forklarar noko av overforbruket. Det syner seg elles ved nærare gjennomgang av løyvde budsjettmidlar for 2005 og 2006 at barnehagen har fått for lite i driftsmidlar til denne ekstra avdelinga. Eininga fekk løyvd 90 000 for hausthalvåret 2004 (for eit halvt års driftskostnader). Løyvinga blei vidareført for våren 2005. Barnehagen måtte halde fram med same tilbodet barnehageår 2005/2006, men har ikkje fått auka løyvingar til dette (resultatet for barnehagen er grunna dette og lågare foreldrebetaling difor negativ for 2005).

Vinje sjukeheim:


Vinje sjukeheim har eit underskot på om lag kr 1 715 000 i 2005. Eininga har meldt om underskot i kvartalsrapportane. Omlegginga av heimetenestene på Rauland har hatt innverknad på dette meirforbruket, og m.a. medført at sjukeheimen ikkje har kunne styre plassane effektivt dette året. Fordelinga av meirkostnadene med denne omlegginga lyt ein kome attende til i saka om budsjettresultat på den einskilde eining. Ein annan grunn til underskotet er auka personalkostnader pga ekstra tilsyn med bebuarar. Det er elles løyvd kr 516 000,- frå buffer i 2006 til dekning av 80% av gamle underskot.

Vinje heimetenester:

Vinje heimetenester har eit underskot på om lag kr 721 000 i 2005, i dette ligg og den delen av underskotet som eininga fekk med seg på kr 1 217 000 frå 2004. Det er elles løyvd kr 793.000,- frå buffer til dekning av 80% av gamle underskot i 2006, noko som godt og vel dekker restansen. Einingsleiar er nøgd med at ein har teke inn ein snau ½ million av underskotet.

Kultur og sosial:

Kultur og sosial har hatt vanskar med å halde nettorammene heilt sidan omstillinga, og har eit akkumulert meirforbruk på 3,872 mill. kr Det har dei siste fire åra vore tilført ekstra midlar til sosial/barnevern som står meirforbruket, utan at dette har vore tilstrekkeleg til å dekkje kostnadsauken. Årsakene har vore gjenstand for grundig handsaming tidlegare. Figuren under syner korleis kostnadsauken fordeler seg mellom tenestene.



Eininga har ikkje greidd å dekke inn noko av underskotet dei drog med seg frå tidlegare år.


Teknisk drift og vedlikehald:

Teknisk drift og vedlikehald hadde eit budsjettunderskot på 0,633 mill. kr i 2005, men får tilført 984 000 frå buffer i 2006 og skal då vere à jour. I dette ligg også etterslepet til Brann og Beredskap frå 2004.

TDV gjev uttrykk for at fokuset på kostnadskontroll har gjeve resultat. Eininga åtvarer om at jobbinga i prosjekt, som i fjor "smurte" økonomien i eininga, kan vere ein farleg veg å gå for å halde oppe driftsnivået.

6.4. Personellinnsats

Talet på stillingar omfattar arbeidstakarar som er tilsette i kommunen. Folkevalde, lærlingar og prosjektstillingar er ikkje tekne med.



Den faktiske bemanninga ved utgangen av 2005 er 375 årsverk. Det er ein auke på eitt årsverk frå i fjor. Årsverk kan variere noko frå år til år ut frå korleis einingane nyttar årsverk innanfor ramma.

Det har likevel vore ein reduksjon i årsverka dei siste fem åra, samla netto nedgangen er på 26,4 årsverk. Oversynet inkluderar ein auka i stillingar innanfor psykiatrien, jf. statlige psykiatrimidlar. Den reelle nedbemanninga er difor større enn tabellen syner.

Einingane har fått tildelt ei ramme ut frå ei godkjend grunnbemanning ved omorganiseringa i 2001. I 2005 vart det teke ein gjennomgang for å kvalitetssikre ramma ut frå den reelle situasjonen, nokre einingar fekk ut frå dette justert grunnlaget for tildelt ramme.


6.5. Likestillingsarbeid

Administrasjonsutvalet er likestillingsråd i kommunen. Det har ikkje vore handsama saker i dette året som har direkte tilknytning til tema likestilling.

Det er for tida ca. 550 arbeidstakarar i Vinje kommune (inkl. vikarar), av disse er ca 80 % kvinner. Av kommunens administrative leiding (rådmannsteam og einingsleiar) er det 13 menn (57 %) og 9 kvinner (43 %).

6.6. Sjukefråver

Vi har statistikk frå trygdekontoret på legemeldt sjukefråver i Vinje kommune som organisasjon. Utviklinga frå 2000 på legemeldt fråver ser slik ut.



Gjennomsnittleg legemeldt sjukefråvæer for kommunal forvaltning i heile landet er 7,4 %. Det totalt sjukfråvæer, legemeldt fråvæer + eigenmelding, er for kommunen på 6,4%.

6.7. Nærare om den kommunale drifta i 2005

I dette kapittelet går vi litt nærare inn på aktiviteten i dei ulike einingane. Ein har valt å omtale denne delen etter politikkområde, i tråd med årshjulet og opplegget for dialogseminar. Einskilde einingar vil difor vera omtalte under fleire område.

6.7.1. Service og kvalitet

Vinje vart årets servicekommune i 2005. Vinteren 2005 kørde Forbrukarrådet ein servicetest på alle norske kommunar. Dei testa telefonservice, e-post og heimeside heilt anonymt. Av alle landets 447 kommunar kom Vinje på 5. plass, og vi var best i Telemark. Dei 14 beste kommunane blei inviterte til å søkje om å bli Årets servicekommune 2005. Det enda med at Vinje kommune vann prisen. Målet for 2006 blei dermed oppfylt i 2005.

Tenestetorget har utvida samarbeidet med Teknisk drift og vedlikehald, og dei har overtatt all registrering av kommunale avgifter på renovasjon/vatn og avløp og utsending og registrering av avtaler om anleggsbidrag. Dette har ført til at kompetansen når det gjeld tekniske tenester har auka betrakteleg.

Talet på byggesaker har auka så mykje det har vore naudsynt å mellombels auke kapasiteten innan byggesakshandsaming med eit 3-årig engasjement. Stillinga blir finansiert med byggesaksgebyr.

For å kvalitetssikre informasjonen til publikum om reguleringsplanar, vart det leig inn ein ekstern konsulent som gjekk gjennom alle reguleringsplanane (ca 140), systematiserte dei, skanna og la dei inn i det elektroniske kartsystemet. Det ligg føre ein skriftleg rapport som avslutning på dette prosjektet.

Alt arbeidet med tekniske saker har ført til at eininga ikkje har hatt tid nok til å ha nødvendig fokus på andre ting som og er viktig som m.a. dobbeldekking av all kompetanse.

Blåmann har kome ut med fire utgåver i 2005.

Frå 1. januar har Tenestetorget overtatt sekretariatet for overformynderiet. Det er ei oppgåve som vi har sett av omlag 20 % stilling til. Vi har også hatt sekretæren for forliksrådet som tilsvarar ca 25 % stilling. Den siste er overført til lensmannen frå 1.1.2006. Eininga har ei heilt marginal bemanning, og blir svært sårbar ved sjukefråvær m.v.

Tenestetorget har jobba for å sikre at informasjon om reguleringsplanar er korrekt og lett tilgjengeleg. Mengda av byggesaker har auka og i 2005, noko som har ført til større inntekter for tenestetorget.

Tenestetorget har og i samarbeid med støtteiningane Organisasjon, arkiv og IKT og Økonomi, plan og utvikling, sett i gang eit prosjekt med innføring av elektronisk byggesakshandsaming og elektroniske skjema. Dei kostnadane blir dekt av Tenestetorget der hovudtyngda vil kome i 2006.

Den kommunale bedriftshelsetenesta er godt etablert, i 2005 det et vart gjennomført ein brukarundersøking blant sjukmelde arbeidstakarar. Resultatet var svært bra, dei fleste var godt nøgde med den kommunale bedriftshelsetenesta.

HMS

Elektronisk stoffkartotek vart oppretta, og sett i verk i 2005.

Arkiv

Rutinar for utføring av oppgåver og for rullering av oppgåver er i stadig utvikling og forbetring. Nye malar i tråd med den nye grafiske profilen til kommunen er laga. Endring av malar er gjort i samarbeid med IKT – avdelinga.

Delar av etterslepet på møtebøker og journalprotokollar er ordna og bunde inn.

IKT

Vinje kommune vart vertskommune for Agresso serverar (løn og rekneskap) for alle Vest-Telemark kommunane hausten 2005.

Datatilsynets krav om nye serverar i høve "sikker sone" er gjennomført, og det vart skift kommunikasjonsutstyr til eksterne brukarar.

Har oppdatert serveren på Vinje Helse.

Organisasjon

Opplegget for 360 graders leiarevaluering vart utarbeidd i samarbeid med eit eksternt firma, Institutt for Medskapende Ledelse AS (IML) . Gjennomføringa av leiarevalueringa vart leia av organisasjonssjefen. Dette var eit svært tidkrevjande opplegg som tok mykje tid våren 05. Evalueringa munna ut i ein personleg utviklingsplan som den einskilde leiar utarbeidde.

- Gjennomført diverse kurs i sak/arkiv system, avtaleverket, HMS.
- Gjennomført lønsforhandlingar.

Organisasjon, arkiv og IKT (OAI) har ansvaret for kommunens IT-drift, og her er det store utviklingsoppgåver. Kommunens data- og telefonnett er avansert, men dette er i god og sikker drift.

Både OAI og ØPU har løpande oppgåver i høve til støtte og rettleiing for resultateneiningane og rådmannen.

6.7.2. Organisasjonsutvikling

Det pågår eit kontinuerleg arbeid med å betre drifta i einingane.

Kommuneplan

Det har vore arbeidd med samfunnsdelen av kommuneplanen sidan 2004. Framlegg skal leggjast fram våren 2006, og arbeidet med ein revisjon av heile kommuneplanen er starta.

Organisering av Vinje kommune

Formannskapet har drøfta organisasjonen og ulike sider av organiseringa i 2005.

Resultatet av gjennomgangen vart ei oppmoding til rådmannen om å sjå nærare på ei organisering av støtteiningane og næringseininga.

Styringsgruppa for organisering av kommunen konkluderte saka slik:

- Hovudprinsippa for 2-nivåmodellen må stå ved lag*
- Utgangspunktet for organiseringa må vera*
 - *Arbeidsoppgåvene*
 - *Styringa av organisasjonen*
 - *Kompetansen i organisasjonen*
- Prosessen framover må vera open og søkjande, og det må brukast nok tid.*

Plassering av sosialtenesta

Kommunestyret vedtok å flytte ansvaret for sosialtenesta frå Kultur og sosial til Vinje helse frå årsskifte 2006. Dette vart gjort i samband med NAV reforma, og at sosialtenesta fysisk flytte over til bankbygget.

Omsorgstenesta

Samanslåing av omsorgseiningane Rauland omsorg og Vinje omsorg til Vinje heimetenester er gjennomført.

Leiarutvikling

Det har vore gjennomført 360 grader leiarevaluering med alle einingsleiarane og rådmannsteamet. Evalueringa munna ut i ein personleg utviklingsplan som den einkilde leiar utarbeidde på grunnlag av resultatet av evalueringa.

Rådmannsteamet har hatt fellesmøter med einingsleiarane om lag 1 gong pr. mnd. Det har vore 2 leiarsamling over 2 dagar i 2005. Rådmannsteamet hatt medarbeidarsamtaler med alle einingsleiarane. Årleg leiaravtaler er på plass.

IA-bedrift

Vinje kommune er ei IA-bedrift. Dette inneber ei systematisk oppfølging av sjukemelde i organisasjonen, og er ei vidareføring av opplegget kommune har hatt sidan tidleg på nittitalet for oppfølging av sjukmelde. Dette i tillegg til eit klart definert leiaransvar, er medårsaker til det låge sjukefråværet i kommunen.

Personalsaker

Leinga har vore involvera i ein del personalsaker og tilsettingar som har vore "på tvers" av eingane.

Støtteiningane

Rådmannsteamet har eit godt samarbeid med støttefunksjonane OAI, ØPU og Tenestetorget

Evaluering av omorganiseringa

Omstillinga frå 2001 vart evaluert i 2004. Kommunestyret vedtok stort sett å vidareføre eksisterande organisering, men vedtok at "Brann og beredskap" skulle innlemmast i TDV frå 01.01.05.

6.7.3. Oppvekst

Skular

Alle skulane har overskot på drifta i 2005. Det var eit svært lagt sjukefråvær på alle skulane, med eit gjennomsnitt på mellom 2,3 – 3,7 %. Personalsituasjonen er prega av høg kompetanse og få ufaglærde. To av skulane, Rauland og Åmot, fekk ny skulesjef.

Satsingsområde på alle skulene har vore arbeid og kompetanseutvikling i samband med nye læreplanar, og det har og vore ei rekke kurs for tilsette i høve kunnskapsløftet. Ved alle skulane er det lærarar som tek vidareutdanning.

Entreprenørskap i skular og barnehagar er eit stort satsingsområde òg i 2005. Fleire av skulane samarbeider med institusjonar og verksemder i bygda om entreprenørskap. Mellomtrinnet på alle skulane deltok på mønstringa "klart vi kan" i Seljord. 3. klasse ved Rauland skule vann premie for beste blikkfang. Alle skulane har deltatt i KS sitt effektiviseringsnettverk i Vest-Telemark.

Elles har skulane hatt noko ulike satsingsområde:

- lesing og meistring av språket
- tilpassa opplæring
- mot mobbing
- læring, trivsel, psykisk - og fysisk helse
- antimobbeprogrammet Olweus
- betre læringsmiljø

Manglande breiband har gjort at utviklinga innan IKT har vore "på staden kvil" på Edland skule.

Oppvekstsentra

Både oppvekstsentra har overskot på drifta i 2005. Det var eit svært lagt sjukefråvær på både oppvekstsentra, med eit gjennomsnitt på mellom 2,9 – 3,0 %.

Leiarane ved oppvekstsenteret har tatt del i revisjonen av verktøy for kvalitet i barnehagane. Språkstimuleringsplanen og verktøyet "Tras" er i bruk for å betre språkstimuleringa ved både sentra.

For oppvekstsentra som inneheld både skule og barnehage, ligg det ei utfordring i å nytte det høvet som denne organiseringa gjev dei, i høve til innhald og fleksibilitet.

Det er har vore eit viktig å arbeide for å halde oppe eit femdagarstilbod i barnehagen i Øyfjell. I samarbeid skule – barnehage har m.a. 4 klasse lese for barnehageungar. Det er elles eit prosjekt om biletkunst, og det har vore eit opplegg med felles elgjakt i samarbeid med Øyfjell jeger og fisk.

Øyfjell gjekk over til todelt skule. Dette fører til større utfordringar med fleire årskull i gruppa. Tankegangen i "Mange intelligensar" og læringsstilar har blitt ført vidare.

Innan IKT er Vinje oppvekstsenter kome langt. Dei har investert i interaktive tavler og prosjektør i kvart klasserom. Det vert og satsa på IT i barnehagen. Positivt skulemiljø har og vore arbeidd med. Vinje gjekk frå firedelt til tredelt i 2005.

Barnehagar

Barnehagetilbodet i Vinje er av god kvalitet og gjev full dekning.

To av barnehagane har overskot på drifta i 2005. Mykje av barnehagane si finansiering skjer ved brukarbetaling og statstilskot som er avhengig av barnetalet. Barnetalet i Vinje er på veg ned, noko som på sikt kan påverke tilbodet av barnehageplassar. Færre born kan gje økonomiske utfordringar for barnehagane i Vinje.

Det er stor variasjon i sjukefråværet, frå 2,4% i Edland barnehage til 18,7 % i Rauland. Alle barnehagane har jobba mykje med kvalitetssikringsverktøyet for barnehagar. Det er no godkjent av datatilsynet.

Barnehagane har i 2005 samarbeidd med eining for Kultur om årets kunstnar.

Barnehagane har arbeidd mykje med å bli betre på å ta barnas perspektiv og initiativ- MI.

Det har og vore sett fokus på språk og begrep i barnehagane. Barnehagane er opptekne av å tilby fleksible ordningar for brukarane. Samarbeidet med foreldra ser og ut til å vere godt.

Personellsituasjonen i barnehagane er god, med tilgang på førskulelærarar i dei fleste avdelingsleiaringane.

Ungdomsarbeidet

Kommunen hadde i 2005 òg utfordringar knytt til ungdomsarbeidet. Det vert no arbeidd med å få til aktivitetar framfor "berre" møtestader.

Kommunen har gjennomført fleire kontaktmøte med ungdom, foreldre og skule.

Ungdomens kulturmønstring var vellukka. Vinje var med på å dominera positivt i Telemark og på Landsfinalen. Kommunen deltek i SLT samarbeidet.

Lag og organisasjonar har drive sitt førebyggjande ungdomsarbeid som tidlegare. Kommunen har lagt til rette for arbeid som friviljuge organisasjonar gjer. Alle lag/org som er omfatta i "Kulturårshjulet" har individuelle intensjonsavtalar. Ordninga vart utvida økonomisk og fagleg i 2005.

Sommararbeid for ungdom hadde ein auke i 2005.

6.7.4. Helse, omsorg og sosial

Omsorgstenestene

Det er gjort eit stort arbeid for å gjennomføre vedtekne endringar med omlegging av drift frå Rauland bygdeheim til Rauland omsorgssenter. Prosessen held fram i 2006.

Ombygging og oppussing av bygget tok lengre tid enn planlagt grunna pressa situasjon i byggemarknaden. Dette førte til belastande tilhøve for både brukarar og pårørande.

Sjukeheimen måtte ta imot pasientar som måtte flytte ut frå Rauland Bygdeheim i samband med ombygging og omstilling der. Talet på bebuarar som måtte overførast auka monaleg i høve til det som var utgangspunktet for planlegginga. Sjukeheimen tok imot 14 pasientar i samband med omlegginga, ikkje nokon er sendt attende. Sjukeheimen hadde likevel eit normalt tal på pasientar ved årsskifte.

Det har vore ei urasjonell og uoversiktleg drift dette året. Fordelinga mellom langtids- og korttidspasientar på sjukeheimen er skeiv, det vil ta noko tid før dette jamnast ut att. Det siste må ein rekne med i kjølvatnet av ei så stor omstilling.

Brukarane vart ivaretekne på best mogleg vis gjennom velvilje og eit godt samarbeid mellom sjukeheimen og heimetenestene.

Vinje heimetenester har gjennomført opplæring og registrering (IPLOS i KOSTRA) i samarbeid med Vinje sjukeheim.

Omsorgstenestene har deltatt i KS-nettverket i Vest-Telemark i 2005. Mot slutten av året vart vi samde om at ein frå 2006 ynskjer å gå ut av dette samarbeidet, og søke å få til samarbeid mellom Vest-Telemarkskommunane utanfor nettverket.

Kommunen oppretta ei pårørandegruppe for demente, denne har vore leia av sjukepleieikonsulenten. Målet er å opprette ny gruppe hausten 2006. Opplæringspakka "eldreomsorgens ABC" held fram.

Det har kome ei avklaring i høve til framtidig samarbeid mellom Vinje kjøkendrift og Vinje sjukeheim. Tilrettelegging for gjennomføring skal skje i 2006.

Sjukefråveret både i Vinje heimetenester og på sjukeheimen ligg på 8%. Både omsorgseiningane har budsjettunderskot i 2005.

Helsetenestene

I 2005 har det vor stabil personellsituasjon i eininga. Legedekninga har vore tilnærma stabil i snart 2 år, dette har gjeve gode tenester ved legekantora.

Ved legevaktssentralen har det skjedd forandringar i året som gjekk ved at svarstad for tenesta på natt vart flytt frå Seljord til Blefjell sjukehus, avd. Rjukan. Arbeidet på legevaktssentralen er prega av medarbeidarar med lang erfaring og høgt servicenivå.

Innafor miljøretta helsevern har det i 2005 vore stor aktivitet m.a. p grunn av legionellaepidemien og forskrifter som kom i kjølevatnet av denne. Det har òg vore jobba med førebygging av livsstilssjukdommar/ diabetes.

Fysioterapitenesta, helsesystemtenesta, psykisk helsearbeid og jordmortenesta er solide gode tenester i Vinje. Sosialtenesta vart vedtatt lagt til Vinje helsetenester frå 2006. Sjukefråveret i eininga er lågt med gjennomsnitt på 3%. Økonomien i eininga er god, noko som i hovudsak skuldast auka inntekter og ledige stillingar.

Barnevern og sosiale tenester

Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark vart etablert som eigen organisasjon frå 01.04.2004. Sosialtenesta har arbeidd med eit system som medfører at det vert lettare å finne fram til alternative støtteordningar t.d. lån eller ordningar innanfor trygdesystemet. Det høver og godt med NAV-målsetjingar. NAV- samarbeidet er lokalisert i bankbygget.

Sosialtenesta har delteke aktivt i tverrfagleg samarbeid med ulike ansvarsgrupper rundt enkeltbrukarar, og på systemnivå i høve til gjennomføring av habiliteringsplan, planlegging av boligsosialt handlingsprogram, SLT samarbeid og psykiatriplanarbeid m.m. Kommunen er med i eit interkommunalt prosjekt, gjeldsrådgevar prosjekt, som er finansiert gjennom statlege midlar.

Årsrekneskapen syner at sosial og barnevernsdelen har ein kostnad og forbruk som det ikkje er dekning for i budsjettet. Den tunge delen av dette er lovpålagde tiltak.

Resultata/statistikken syner at effektiviteten særleg i sosialtenesta er god.
Omlag 115 brukarar med over 900 vedtak.

6.7.5. Ressurs- og arealforvaltning, miljøspørsmål

Kraftsaker

Oppfølging av kraftsaker er viktig i ein kommune som Vinje. Nesten 40 % av kommunens inntekter kjem frå denne næringa.

Følgjande kraftsaker er det arbeid særskilt med i 2005:

- Revisjon av konsesjonsvilkåra for Tokke- Vinjevassdraget og fornying av konsesjonskraftavtalene (2-8 kommunersavtala) er under arbeid.
- Forliksavtale i Møsvatn er gjennomført
- Fornyng av Møsvasskonsesjon ligg framleis hos NVE

Sekretariatsfunksjon for felles kraftsaker Tokke og Vinje

Plan og utvikling

Motorferdselsplan – evaluering / forlenging av prøveperiode / omgjering til permanent ordning. Prøveperioden er forlenga til 1. mai 07. Kommunedelplan Rauland er nær på ferdig. Det har vore ein krevjande prosess, og reguleringsplanhandsaming og tettstadutvikling har gjort at ein ikkje vart heilt ferdig.

Langsiktig kommuneplan, samfunnsdelen - ferdigstilling. Utkast til plan ligg føre. Den vil kome til politisk handsaming i 2006.

Planarbeidet for reguleringsplan for Åmothaugen er godt i gang.

Ein har ikkje kome i gang med planarbeidet om ny trase' for E134 , noko som skuldast at Vegvesenet ikkje sjølv har hatt kapasitet til planarbeidet og heller ikkje ønskjer at kommunen planlegg på eiga hand.

Økonomi, Plan og Utvikling har brukt om lag ½ årsverk på Fjellregionsamarbeidet i Telemark og Mobility in Nasjonal Park

Etterslepet på kart- og oppmålingsforretningar har auka dette året. Endra skattereglar pr. 01.01.06. medførte eit rush på delingssaker – totalt 509 i 2005, mot 384 i 2004.

Det er eit stort trykk på planavdelinga og byggesakstenesta, grunna den høge utbyggingstakta i turistområda i kommunen.

Skogbruk, vilt og fiske

Det vart avverka 15 721 m³ tømmer i Vinje dette året, mot 14 108 m³ i 2004.. Som tidligare år står driftsapparatet til AT - skog for om lag 80 % av avviklinga.

Det vart sett ut 32 800 skogplanter i 2005, mot 64 665 i 2004. Nedgangen i plantalet henger saman med nedgang i avvikling, og truleg også bortfall av statstilskot.

Det er utført ungskogpleie på eitt 70 daa stort areal, dette er alt for lågt.

I samarbeid med Aktivt skogbruk, Vinje skogeigarlag og Åmot skule vart det også for skuleåret 2005/2006 sett i gang innføringskurs i skogbruk. Kurs med hovudvekt på planting, ungsogpleie og hogst. Kurset vert finansiera ved hjelp av rentemidlar frå skogfond, samt skogarbeidar stipend frå Aktivt skogbruk.

Kommunen fekk tildelt kr 155 000 til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), fordelt på kr 100 000 til vegar og kr 55 000 til ungsogpleie. Kr 40 747 vart nytta av desse midlane. Kr 98 500 vart omdisponert til jordbruksføremål, dei resterande midlane vert overførte til bruk i 2006.

Arbeidet med ny skogbruksplanlegging (områdetakst) vart sett i gang. Det er nedsett eitt eige takstutval som skal drive fram denne prosessen. Ferdigstilling av taksten, med planar ut til skogeigarane, er sett til sumaren 2008.

Elgkvota vart redusert frå 346 til 293 dyr, dette etter ynskje frå storvalda. Det vart felt 196 dyr, som gjev ein fellingsprosent på 67. Fleire jaktlag strevar no med kvota, og det er ingen tvil om at stamma er monaleg redusert, noko som var målet. Kor lågt ein ynskjer stamma, må vurderast nøye før kvote i 2006. Tre av storvalda fornya sine driftsplanar, for ein ny 3-års periode. Bestanden er aukande for rådyr og hjort. Kvota for hjort auka frå 51 til 59 dyr, og det vart ein rekordhøg felling med 24 dyr. Det vart halde 3 jegerprøveeksamenar, Rauland og Åmot.

På Berunuten vart Smerheller hytta gjort heilt ferdig etter flyttinga, med torv på taket og kledning av "grunnmur". Det er sett opp ny do på Hellevatn og lagt nytt tak på Fjarefit hytta. Det er gjort førefallande arbeid på dei resterande hyttene. Bruken av eignedomen held seg bra. Det er brukbare inntekter på overnatting, jakt og fiske. Overskotet for 2005 vil bli sett av til bygging av ny hytte på Glaeimane. Styret for eignedomen vedtok å starte arbeidet med å planleggje ny hytte på Glaeimane. Kommunestyret vedtok å setje av kr 200 000 til dette føremålet på investeringsbudsjettet for 2005.

I 2005 har det vore jobba med ein forvaltningsplan for Brattefjell/Vindeggen.

6.7.6. Infrastruktur

Teknisk drift og vedlikehald

Planar for investeringar/utbetringar på dei ulike fagområda er på plass.

Straumforbruket er høgt i kommunen. Utgiftene utgjer ca. 1/3 av netto driftsbudsjett for Teknisk drift og vedlikehald (TDV), de t var ein auka på ca. 500.000,- i 2005. Det må vurderast alternative tiltak for å få forbruket ned.

Det har vore arbeidd mykje med å få økonomien inn på rett spor i eininga.

Hytteutbygginga aukar stadig og fører til større utfordringar på drift av VA-nettet.

Utbygginga på VA-nettet og bygg vil føre til at bemanninga blir for liten framover.

Raulandshuset vil føre til at ein må ha fleire tilsette.

Eininga ser ut til å få eit overskot i drifta i 2005. Dette har fleire grunnar. Drifta er sett ned til eit minimum i 2005 for å få kontroll med økonomien. Brøytekostnadene var svært låge

og ein sparte fleir hundretusen på dette. Eininga har arbeidd mykje med prosjekt og slik "spart" pengar for drifta. Me har vore skåna for tjuveri og erstatningar i 2005.

Sjukefråveret er svært lågt ved eininga.

Vinje brann og redningsvesen

Frå 2005 vart brannordninga bli endra, ved at det førebyggjande brannvernet vart lagt til ei interkommunal ordning, Vest-Telemark brannsam arbeid. Brannberedskapen, som framleis er kommunalt, ligg hjå Teknisk Drift og Vedlikehald (TDV).

Feiarar og brannmannskap er ei særleg utfordring i høve til opplæring. Feiarar utan fagbrev har ikkje lov til å gå på tak og feie. Dei har også ein tilsynsdel som dei må ha opplæring i. Brannbefala må ha utdanning frå brannskulen og må då ha erstatning for tapt arbeidsforteneste. Det er ei økonomisk utfordring å få til denne opplæringa innanfor gjeldande driftsbudsjett.

Vinje kjøkendrift

Vinje kjøkendrift er eit produksjonskjøken og bemanna deretter. Deira hovudoppgåve er å produsere middagsmat til pasientane på institusjon, bygdeheim og til eldre i heimebaserte tenester.

Sjukeheimen og Vinje kjøkendrift har starta arbeidet med eit samarbeidsprosjekt etter vedtak i formannskapet. Arbeide vidare med "ernæringspolitiske" retningslinjer og ei kvalitetsavklaring saman med sjukeheimen og heimetenestene.

Den økonomiske situasjonen ser bra ut, det har vore stor etterspørsel i periodar. Kjøkenet har tatt på seg større oppdrag bl.a. Bygdlevikongressen i Seljord og Songlagsjubileum. Kvaliteten på maten som blir levert er god og kjøkenet har ønskje om å utvide valfridomen for brukarane, men på grunn av omstilling har ikkje heimetenestene sett seg i stand til å gjennomføre sin del av arbeidet.

Sjukefråværet har vore svært høgt dei to siste kvartala. Det har vore ein lærlingplass ved kjøkenet i 2005.

Reinhald

Det er jobba systematisk med å redusere sjukefråveret, vikarbruken, fleksibel bruk avstillingar og vask på dagtid.

Det har vore arbeidd systematisk for å få større stillinga i eininga. Det er gjort investeringar som lettar arbeidsdagen for reinhaldarane. Nye matter både ute og inne i alle inngangsparti (60 stk.) og fornying av maskinar.

Det er utarbeidd beredskapsplan for eininga, og brannsikringsplan for reinhald og vaskeridrifta på Vinje sjukeheim

Økonomien er bra, og eininga fekk eit driftsoverskot i 2005. Sjukefråveret ligg litt over gjennomsnittet for kommunen.

6.7.7. Næring og kultur

Næringsarbeidet

Næringskontoret arbeider i tråd med ny næringsplan.

Landbruksplan 2005-2008

Kommunestyret vedtok landbruksplan for Vinje i januar 2005. Grønt utval vedtok regelverk i tråd med den nye landbruksplanen. Etterslep har gjort at det er gjeve ein del løyvingar etter gamalt regelverk i 2005.

Fjellregionsamarbeid lokalt, regionalt og internasjonalt

Fjellregionarbeidet er vidareført i 2005 med ulike tiltak (småsamfunnsutvikling, produkt frå fjellet og bruk og vert av område). Arbeidet med samordning og informasjon i fjellnettverket er i godt gjenge.

Mopark-prosjektet går mot avslutning hausten 2006. Det blir arbeid for å vidareføring av prosjektet, men no over større område av Hardangervidda.

Telemark fylkeskommune har løyvd kr 100.000,- til fjellregionsamarbeidsprosjektet Framtidas feriebusstad i fjellet der Vinje, Tinn, Telemark fylkeskommune og Norsk Form deltek saman med lokale aktørar. Fellesfondet har løyvd kr 200.000,- til same føremål og Tinn Sparebank kr 25.000,-. Det blir arbeid vidare med finansiering og gjennomføring.

Tettstadsutvikling i Rauland og Åmot

Fyrste byggjetrinn på Rauland starta opp hausten 2005 med godt samarbeid i planleggingsfasen mellom lokale aktørar og kommunen v/ ØPU, TDV og næringskontoret.

Telemark fylkeskommune har løyvd kr 700 000,- til prosjektet på Rauland og kr 60 000,- til forstudie av tettstad Åmot..

Reiselivssatsing i Rauland og Haukeli/Vågsli

Satsinga på reiselivet heldt fram i 2005 gjennom VinjeSTERK . Frå 2005 er det gjennomført ei nyorganisering i reiselivet, og Næringskontoret har no ansvar for m.a. fellesmarknadsføring med m.a. eige sommarbrosjyre for Vest-Telemark.

Det 2-årige VinjeSTERK prosjektet – Prosjekt Reisemål Haukelifjell – starta opp i 2004. I 2005 vart fase 2 gjennomført ved at Haukeli Turist Senter BA blei etablert. Tiltaket blei finansiert m.a. med tilskott frå Telemark fylkeskommune kr 100.000, Telemark Interkommunale Næringsfond kr200.000,- og Vinje kommune kr 200.000,-. Prosjektet er søkt vidareført i 2006 for å utvikle senteret til å få ein effektiv stoppeffekt. Vågsli grunneigarlag er i gang med planlegging av ulike infrastrukturtiltak i eigen regi.

Rauland er éin av 7 destinasjonar i Telemark, Buskerud og Aust-Agder som er med i Arenaprojektet – Innovativ Fjellturisme, som skal arbeide for å auke utanlandstrafikken om sommaren.

Rauland Skiarena

blei opna i desember 2005, og Næringskontoret har saman med m.a. ØPU arbeidd mykje med denne saka for å koma i mål.

Landbruket - nyskaping og tilleggsnæring/nye sjansar

Arbeidet med RaulandsLam AS heldt fram i 2005. Det har vore arbeidd med å få inn aksjekapital frå produsentar og eksterne investorar. Ved årsskiftet var ikkje målet nådd.

Arbeid med Fordelsprosjektet (3-årig) heldt fram i 2005 (oppstart i 2004). Dette gjeld arbeid med nye område og produkt innan landbruket. Molteprosjektet med forsøksfelt på Møsstrand har arbeidd med rettleiing mot interesserte grunneigarar og arbeid med lovverk knytt til omdisponering av kultivert utmark til innmark.

Arbeid med å betre tilhøva for geitehaldarane, "Friskare geiter" eit landsomfattande prosjekt. 4 buskapar skal sanere, dvs. skifte ut vaksne geiter med kje som ikkje har hatt kontakt med dei vaksne mordyra. Løyvd kr 50.000,- til drift av "kjesentral."

Fiskeprosjekt, forprosjekt, forprosjektplan og noko finansiering med kr 50.000,- frå Fylkesmannen.

Andre tiltak for å støtte næringane sitt arbeid for lønsame verksemder og sikre arbeidsplassar:

Innovasjon Noreg sitt ungdomskontor blei midlertidig avslutta i januar 2005 då prosjektleiaren gjekk over i anna arbeid. Det har vore arbeidd resten av året for å få forlenge prosjektet i nye tre år, og ved årsskiftet var alle partane (Tinn, Tokke, Vinje og Innovasjon Noreg) einige og kontoret finansiert.

Vinje kommune bruka mykje tid og arbeid for å få inn ny eigar hjå NEMEK AS. Tess overtok og ny dagleg leiar var på plass i oktober.

Mjonøy, vart seld til Mjonøy AS etter lange tingingar mellom partane Vinje kommune og Vinje Handverkslag (som representerte stiftelsen Mjonøy), Vinje handverkslag og kjøpar.

Nærings- og prosjektutvalet har handsama 26 saker og løyvd til saman 1 335 000,- til ulike tiltak som er omtala andre stader i årsmeldinga. Dei største summene har gått til etablering av Haukeli Turist BA og Vinje sin del av finansiering av Innovasjon Noreg sitt ungdomskontor. Scandinavian Cooking var i Vinje og Tinn i samband med matprogram på BBC, som vert sendt i store delar av verden. Nærings- og prosjektutvalet løyvde naudsynte midlar til dette som ei ramme. Kostnaden for Vinje kom på om lag 12.000,-. Høgskulen i Telemark har gjennomført eit marknadsføringsprosjekt over fleire år, der 2005 var det siste. Nærings- og prosjektutvalet har løyvd 150.000,- til studietilbodet spesielt på Rauland.

Næringskontoret arbeider saman med HiT for å vurdere nye deltidsstudier.

Lovforvaltning

Grønt Utval, som handsamar landbrukssaker, har hatt 7 møte i 2005. Totalt har 53 saker vorte handsama. Noko som er ein auke på 19 saker frå året før.

Fordeling av tal saker har vore slik:

Deling	Vilt/skog	Konse- sjon	Buplikt	Klage- saker	Andre saker	Sum
16	12	2	1	9	13	53

Rubrikken "andre saker" har mellom anna vore diverse uttalar og tilskot til kommunale landbruksføremål. Mellom anna vart uttale til endring i Jordloven handsama.

Den saka som det har vorte lagt ned mest arbeid i og som også var gjenstand for eindel oppmerksomd i 2005 er søknad om konsesjon på "Vestre Vollane" i Vinje kommune. Denne saka vart handsama i Grønt Utval og Kommunestyret i desember 2005.

Ei anna sak med ei viss offentleg interesse var saka om nullkonsesjon. Denne vart endeleg handsama av Kommunestyret i mars 2005. Kommunestyret vedtok då å fjerne forskrift om nedsett konsesjonsgrense (nullkonsesjon).

Saker som ikkje er prinsipielle, og som er handsama administrativt:

Delingssaker	Konsesjonssaker	Sum
25	3	28

Totalt har 28 saker vorte handsama administrativt, noko som er ei auke på 12 saker frå året før. Ein stor del av desse sakene gjeld frådelling av festetomter utanfor regulert område.

Sidan førre år har det vorte utarbeidd nye rutinar for eigenfråsegn om konsesjonsfritak. Næringskontoret handsamar no berre eigenfråsegn som gjeld landbrukseigedom, medan Tenestetorget handsamar eigenfråsegn som gjeld andre saker. I 2005 mottok Næringskontoret 48 eigenfråsegn om konsesjonsfritak på landbrukseigedom.

"Spesielle miljøtiltak i landbruket" (SMIL)

Det er løyvd kroner 348.500 fordela på 13 søknadar til ulike miljøtiltak i jordbruket.

RMP – Regionalt miljøprogram – generelle miljøtiltak

- tilskot til drift av bratt jordbruksareal
- beiting på innmark
- beitelag – 16 stk – utmarksbeite
- støyldrift
- telemarksfe

48 søknader i alt, av desse 8 avslag. Sum utbetalt er kr 435.000,-

Kultur og fritid

Bibliotektenestene

Syner til eigen statistikk og årsmelding.(ABM)

Utlånstala har gått opp i alle avdelingane, det same gjeld tal på fjernlån, utlån av lydbøker og DVD/video. Tal på besøkande har og auka samla sett. Ei avd. melder om litt færre enn i fjor.

Bibliotekavdelingane vert mykje nytta av skulane. "Bibliotekplan for grunnskulen" er vidareført med m.a. faste samarbeidsmøte vår/haust.

Ein held fram med sommarope i hovudbiblioteket. Hovudbiblioteket har hatt to utstillingar, - den eine var knytt opp til 1905 markeringa. Biblioteket var ope på Vinjedagen og 65 personar nytta høvet til eit besøk.

Prosjektutgiving av "lettelest for ungdom" har vore eit samarbeidstiltak i Vest-Telemark.

Kulturskulen

Kulturskulen har 150 elevar fordelt over det meste i kommunen. Tilbodet til elevane er best innan musikk og dans. Det har og vore tilbod innan teikneforming.

Det er fleire prosjekt som er gjennomført, fleire i samarbeid med skulane. KOM-prosjekt. Den kulturelle skulesekken og Folkedans i skulen.

Det er lite ventelister, men det kan medføre noko større distansar for elevar til undervisningsstad. Kulturskulen samarbeidar og om aktivitetstilbod for ungdom, tilbod på institusjonar. Prosjekt "Levande vestibyle på Vinjehuset."

Kulturskulen har fått tilført eksterne prosjektmidlar.

Kulturvernarbeidet

Lokalhistorisk arkiv har godt frammøte, og er eit populært tiltak. Lokalhistorisk arkiv har over 80 privatarkiv. I tillegg ligg delar av fjernarkivet til Vinje kommune der. Vi har hatt eit greitt samarbeid med Vest-Telemark Museum. Dei driv alle musea og galleria våre. Det har og vore kontakt med tanke på at forsvarsmuseet får ei avtale med Vest-Telemark Museum. Nærstyra ligg framleis til kommunen.

Lag og organisasjonar, kulturårshjul og arrangement

Dette er eit omfattande område. Og kan berre nemnast i stikkordsform i årsmeldinga. Tiltak og arrangement vert gjennomført etter verksemdsplanen. Alle lag/org som er omfatta i "Kulturårshjulet" har individuelle intensjonsavtalar. Avtalane vert utvikla, og syner seg å fungera etter målsetjinga. Ordninga vart utvida økonomisk og fagleg i 2005.

Kommunikasjonen/samarbeidet mellom lag/org og kommunen har og form av faste møte. Kultur og sosial har gjeve garantiar og tilskott til mange lokale lag/org som skipar til aktivitetar og arrangerar. Det er gjort samarbeidsavtalar med Rikskonsertane, Telemarkskonsertane, Teater Ibsen, Folkeakademia og andre tilskiparar. Galleri "Liti" på Vinjehuset er eit resultat av eit samarbeid mellom kommunen, kunstlaga/personar for å oppnå eit litt meir levande Vinjehus. Fjell og kulturvandringane har også i år blitt gjennomført. Det er populære tiltak. Etter målsetjinga skal lag/org i stadig større grad vera aktørar.

Vinje kommune deltek i 3 store jubileumsførebuingar. 1905-jubileet vart gjennomført med gode tilbakemeldingar. Ein fekk eksterne midlar til gjennomføringane

Samfunnshusa

Vinjehuset fekk i 2005 status som regionalt kulturhus. Med det som bakgrunn vart det søkt om statlege midlar på dekking av inntil 60% av kostnadene til prosjekt: "Vinjehuset, vegen vidare." Fyrste del av dette arbeidet er gjennomført. Ein lyste i årskiftet etter kioskdirivarar. Det er eit viktig element i bemanninga på Vinjehuset. Kultur har òg vore delaktig i planarbeid for Raulandhuset.



Representantar frå Vinje kommune saman med dåverande Moderniseringsminister Morten Andreas Meyer, og leiar i Forum for Offentlige Servicekontor (FOSK) Eva Kristin Lian frå Levanger kommune, i samband med utdeling av prisen for årets Servicekommune 2005.